

Oppsummering frå kaffimøte med næringslivet 08.11.16:

Ordføreren orienterte:

1. Dialogmøte med interessentar og politikarar med tema utleigeplikt – informasjon om avgjerd om planstrategi i formannskapet 24.nov og i kommunestyret 13.des.
2. Kommunen og samarbeid med JS Norge – Per Kristian Brattli om brosjyre for å representere Gol. Det kom raskt attendemelding på at næringslivet i Gol ynskjer å laga ei slik brosjyre lokalt og ved bruk av vårt lokale trykkeri. Ein drøfta om det kan væra ei oppgåve Gol Reisemål kan påta seg, og ordføreren skulle lufte spørsmålet med Media og kommunikasjonslinja ved Gol VGS. Det vart oppfordra om å koma med innspel til kva næringslivet treng i ei slik brosjyre og korleis ein mellom kommunen og næringslivet kan få eit felles uttrykk.
3. Framdrift kommunale prosjekt

Tredje avkøyring:

Oppsummert følger ein framdriftsplanen, omlegging av RV7 er etablert og arbeid med rundkjøring på RV7 er i gang. Grunnarbeid for brua begynner snart. Noko tilpasningar av detaljprosjektering har vore nødvendig, det meste er nå avklart. Står att noko avklaring med Statsbygg i grensesnittet mot sambruksstasjonen. Ser ingen store skjær i sjøen. Noko avklaringar om kva kommunen må erverve av areal.

Fleirbrukshall:

God framdrift etter planen. Taket er lagt på basishallen, veggjar begynnast på snart.

Hovudhall har fått stålkonstruksjonen på plass, tribunane utarbeidast no, og det vil koma tak og veggjar før jul. Det blir gjort vurderingar om å ta inn att kjøling. Det er tatt ut squash hallar i samråd med Gol idrettslag og brukargrupper. Ein har tatt inn att solskjerming i sosialrom og treningsrom. Det manglar autovern langs veg mot kryss som må utførast no snarast.

4. [Masterplan Hallingmo – innspel frå næringslivet](#)

Det har kome innspel tidlegare frå næringslivet på arrangementplass, dette er drøfta i arbeidsgruppa og framdriften no blir at alle innspela blir vurdert opp imot planen og kjem til å bli presentert for dei medvirkande når utkastet blir klart.

5. Nytt frå Gol Reisemål:

Dagleg leiar har sagt opp, har 3 mnd oppsigelsestid, men er i forhandlingar.

Arbeidet Gol Reisemål har engasjert Jarl Goli i er i gang og det presiseast og oppfordrast til at næringslivet set av denne dato for presentasjon og revitalisering av Gol Reisemål:

[17.11.16 kl.17.00 – 20.00 på Pers Hotell. #sammenforgol #visitgol](#)

VIKTIG:

- Det går snøkanonar for fullt både på Golsfjellet og i sentrum, både nedover og bortoverløyper.
- Gol Skipark opnar skiheisen mest sannsynlegvis neste helg (19.11). Dei fekk og pris for årets park under Snowboard Axards!
- Det blir konsertar mange helgar på Storefjell framover. Vinterkart går snart i trykken ei brosjyre med oversikt over kva som skjer.
- I sentrum er det julegateopning 19.11.16 med grautservering på kjøpesenteret og nissebesøk. Sentrum varmar også opp til Black Friday 25.11 som hadde rekord på omsetning i fjor.
- Pers Hotell går inn i tre travle månader rett etter ein god julebordsesong, dei skal og vera vertskap for LO stats kartellkonferanse. I tillegg er det eit godt samarbeid mellom Pers Hotell og Storefjell på overnatting av gjester til isbanen/ice drive og no kjem det til og med italienerar til bygda!
- Her er det plass til fleire gode input på kva som skjer, for me veit at det skjer mykje!

Det kom innspel til handelsstanden på opningstider. Det er kome attendemeldingar frå turistar og hyttefolket på at dei gjerne vil bruke pengar i Gol, og gjerne etter kl. 16 på helg då dei er ferdige med skitur, alpint eller andre aktivitetar i desse tidene.